

Trappar opp i tropane

Klimaendringar i Asia er det nye satsingsområdet til Bjerknessenteret for klimaforskning. – Ein får eit anna perspektiv når ein arbeider med dei områda som vil bli hardest råka, seier professor Tore Furevik. **TEKST** KJERSTIN GJENGEDAL

EKSTREMEPIDODAR:
Forskarane spør seg kvar det vil bli tørrare og kvar det vil bli våtare. Bildet er frå Vietnam i monsuntida.
FOTO: ISTOCKPHOTO

Det er ein skjebnens ironi at dei landa som har gjort minst for å framkalle menneskeskapte klimaendringar, både er dei som vil få merke dei hardest, og som har minst ressursar til å førebu seg på dei. Bjerknessenteret er no i ferd med å etablere prosjekt i fleire land i søraust-Asia, område som er sterkt

utsette for endringar som kjem av global oppvarming.

– Først og fremst handlar det om endringar i nedbør. Kvar blir det tørrare, kvar blir det våtare, og får vi fleire ekstremepisodar? spør Furevik.

Etter reiser i Asia har Bjerknessenteret no starta samarbeidsprosjekt med forskingsinstitutt i Bangladesh,

Vietnam og Thailand. Frå før samarbeider senteret med institusjonar i India og Kina.

Bidrar med betre data

Med utgangspunkt i Bjerknessenteret sin globale klimamodell, blir det produsert modelldata i høg oppløysing for dei aktuelle regionane, supplert





ZOOMAR INN PÅ ASIA: .

Etter reiser i Asia har Bjerknessenteret no starta samarbeidsprosjekt med forskingsinstitutt i Bangladesh, Vietnam og Thailand. FOTO: ISTOCKPHOTO



ARKTIS - ASIA: Tropisk klima er eit nytt fagområde på Bjerknessenteret. FOTO: MICHEL MESQUITA

PLANLEGGING: Regionale klimamodellar kan gjere det lettare å seie noko om monsunesongen og utvikling av skysystem. Dermed kan politikarane lettare planlegge jordbruk og vassressursar. FOTO: MICHEL MESQUITA



med informasjon frå lokale feltstudiar. Kunnskapsoverføring og opplæring i bruken av klimamodellen er ein viktig komponent i alle prosjekta. Forskar Michel d. S. Mesquita har vore i India for å lære opp samarbeidspartnarar i bruken av klimamodellen, og skal halde kurs både i Thailand og India til hausten, der ein vil invitere deltakarar frå fleire land i Asia.

– Globale modellar har grov oppløysing og kan ikkje gje detaljinformasjon om mindre område som Bangladesh eller Nepal. Men med hjelp av regionale modellar med høgare oppløysing kan vi sjå korleis

« Her i Noreg vil klimaendringane bli små og ha relativt liten effekt. Tropane er meir sårbare. » Professor Tore Furevik

monsunesongen og skysystema vil utvikle seg, og det gjer det lettare for landa å planlegge politisk når det gjeld slikt som jordbruk og vatnressursar, seier han.

Dette er verdifull informasjon, for mykje tyder på at monsunesongen vil endre seg og at ekstremepisodane vil bli meir ekstreme i framtida.

Understudert felt

– Vårt geografiske fokus til no har vore Nord-Atlanteren og Arktis. Tropisk klima er eit nytt fagfelt som vi så

langt har hatt liten kompetanse på, men no byrjar det å endre seg. Vi har fått ei ny stilling i tropisk meteorologi ved Geofysisk institutt, og før sommaren vil det vere fleire nye tilsette ved UNI Research som vil arbeide med klimaendringar i tropane. Her i Noreg vil klimaendringane bli små og ha relativt liten effekt. Tropane er mykje meir sårbare, og no ser vi at senteret vårt er klar til å gå meir inn i dei globale problemstillingane, meiner Furevik. ◦